

ÅRSMØTE I

COOP MODALEN SA

25.mai kl.19.00

i Flodmaal



Saksliste:

1. Opning ved styreleiar.
2. Val av ordstyrar, skrivar og 2 til å skriva under i møteboka.
3. Årsmelding, rekneskap og disponering av overskot.
4. Val av medlemar til styret og valnemd.
5. Styregodtgjersle.

Årsmeldinga er lagt ut på butikkane, i tillegg vert den lagt ut på facebookside til butikken.

Etter årsmøtet vert det servering og gratislotteri.

VEL MØTT!

Styret i Coop Modalen SA



Årsmelding 2021

Coop Modalen SA

148. driftsåret

Coop Modalen SA er ei samvirkeverksemd som driv to daglegvarebutikkar i Modalen kommune.

På Mo sel me daglegvarer, bensin og driftsmidlar til jordbruket, har Post i Butikk, pakkeutlevering for Post Nord, medisinutlevering for Apotek1 og er kommisjonær for Norsk Tipping og Rikstoto.

På Øvre Helland sel me daglegvarer og har medisinutlevering for Apotek1.

Omsetnad og marknadsutvikling

Det har vore ein nedgang på 1 million i omsetnaden i 2021.

Året 2020 var eit særskild godt år grunna pandemien. Nedgangen i omsetnaden uroar oss og vi må gjere tiltak for å snu utviklinga.

Kjøpeutbytte

I 2021 vart det utbetalt 303 270 til våre medeigarar i kjøpeutbytte. I 2021 fekk medlemmane våre kjøpeutbytte på 2,5%. I Coop Hordaland får medlemmane kjøpeutbytte på 1%.

Omsetnad Mo

	Butikk Mo 2021	Butikk Mo 2020	Differanse
Sal butikk	10 279 068	11 274 496	995 428
Sal drivstoff	2 197 267	1 893 628	303 639
Anna driftsinntekt	295 879	338 362	42 483
Netto omsetnad	12 772 754	13 506 486	-733 732



Omsetnad Øvre-Helland

	Butikk ØH 2020	Butikk ØH 2021	Differanse
Sal butikk	4 560 148	4 313 708	-246 440
Anna driftsinntekt	377	8 489	8 112
Netto omsetnad	4 560 525	4 322 197	-238 328

Driftsresultat

MO: kr. 241 568
ØH: kr.-192 117

Samla driftsresultat **kr. 49 451**

Resultat

Årsoverskotet for 2021 enda på kr. 294 398 etter finansinntekter og skatt. Det er eit resultat me er nøgde med. Me er avhengige av gode resultat for å vere rusta for framtida. Eit positivt driftsresultat som følgje av gode rentevilkår er ikkje noko vi kan basere overskotet på.

Styret tilrår at årsoverskotet vert disponert slik:

Årsoverskot **kr. 294 398**

Avsett til reservefond: kr. 75 000
Avsett til anna eigenkapital: kr. 219 398

Medlemsinnskot

Pr. 31.12.2021 er dette på kr. 6 616 540

Rentesatsane er pr. 31.12.21:

Medlemskonto 0,1 %
Kapitalkonto inntil kr.100.000,- 0,25%
Kapitalkonto inntil kr.250.000,- 1,25%
Kapitalkonto over kr.250.000,- 1,75%



Svinn

Dei tilsette har fokus på gode innkjøpsrutinar for å redusera svinn i form av varer utgått på dato eller som er øydelagde. Svinn er framleis ei stor utfordring for Coop Modalen. Me prøver med tiltak som å prisa ned varer som nærmar seg utgått dato, men varer som ikkje vert seld må kastast.

Tilsette

Roger Fure er styrar, og har sitt daglege arbeid ved butikken på Mo.

Haldis Fjellanger har vore avdelingsstyrar på filialen.

Ning Fure og Marwan Al Waka arbeider deltid på Mo. Bjørn Eikefet jobber deltid på Mo & Øvre Helland. Morten Helland, Kristin Meiling, Alexander Langeland og Monica Holme har jobba som ekstrahjelp/ringehjelp.

Coop Modalen har og skuleungdomar som arbeider ca.1 gong i veka hjå oss, både ved butikken på Mo og Øvre Helland.

Til saman er det ca. 4 årsverk i Coop Modalen.

Likestilling

Ved utgangen av året var det 5 menn og 3 kvinner tilsett ved bedrifta.

I styret var det 3 menn og 2 kvinner.

Coop Modalen SA fylgjer føresetnadene i likestillingslova om likestilling ved val av tillitsvalde og ved rekruttering av nye tilsette.

Arbeidsmiljø

Me vurderer arbeidsmiljøet som godt, det var ingen skader dette året, og me har rutinar for internkontroll.

Verksemda kjeldesorterer papp/papir/plast/bio-avfall.



Merkur-Programmet

Coop Modalen er med i Merkur-programmet og me kan søkja om investeringsstønad for vøling og fornying av butikkane og/eller utstyr. Me har investert i nye sjølvbetente kasser på Mo. Av dette fekk me 50% dekkja frå Merkur-programmet.

Drifta framover

Styret meiner at framleis drift er forsvarleg, då rekneskapan viser eit år med driftsresultat på pluss-sida.

Det er avgjerande for Coop Modalen å ha gode årsresultat. Dette for å kunna byggja opp eigenkapital, og gjere dei investeringane som er naudsynte framover.

Takka vera handel frå innbyggjarane, turistar, hytte- og båtfolk i Modalen og nærområda, ser framtida for Coop Modalen framleis bra ut.

Me ber våre kundar og medeigarar om å fortsetja å handla hjå Coop Modalen.

Coop er ei unik butikkjede der medlemane er medeigarar.

Me er her for våre kundar og eigarar.



I styret har desse vore

Leiar: Harald Kjensli (på val 2023)
Nestleiar: Siv-Aina Gullbrå (på val 2022)
Styremedl: Jannike Surland Våge (på val 2022)
Jon-Atle Farestveit (på val 2023)

Frå dei tilsette: Marwan Al Waka
Styrar: Roger W. Fure

Vara: Sigmund Vikane (på val 2022)
Karianne Neset Nygard (På val i 2023)

Valnemnd: Signy Vikane, leiar (på val 2023)
Harald Farestveit og Jon Nygard (på val 2022)

Det har vore halde 4 styremøte og handsama 25 saker.

Styret vil takka dei tilsette for vel utført arbeid i 2021. Likeeins vil me takka våre trufaste kundar for all handel i året som gjekk.

Harald Kjensli
Leiar

Siv-Aina Gullbrå
Nestleiar

Jon-Atle Farestveit

Jannike Surland Våge

Marwan Al Waka
Repr. frå dei tilsette

Roger W. Fure
Styrar